


RAPPORT frå musikkfestivalen Hardingtonar 2015



Hardingtonar



Torsdag 11. juni kl. 18:00
Amfisalen i Norheimsund skule

Fleire fargar – ny palett

v/ kulturskulen i Kvam

Musikalsk leiar: Rut Oppedal Rasmussen
Koreograf: Jane Larsen
Medhjelparar: Anita Forselius
og Arngunn Timenes Bell

Musikarar:
Ben Milenkovic
Bjørnar Sangolt
Torbjørn Skeie
Rolf Seldal

**Det var utruleg kjekt å sjå utvikling av dette prosjektet
og kva dei unge deltakarane presterer.**

For tredje år på rad varta Kvam kulturskule opp med ei fargerik og framsyning der born og ungdom frå Kvam og verda viser kva ein kan få til om ein deler skattane sine med kvarandre, og arbeider mot eit felles mål.

Dei viser oss at det slett ikkje er noko problem å kombinere songar på ulike språk, og at same songen kan finnast i mange ulike versjonar. Dei serverte alt frå var solosong til sprudlande forteljingar om uglejakt og sykkelturar.

Dei 25 unge utøvarane går alle på skule i Norheimsund og Øystese, men har røtene sine i heile 14 ulike nasjonar.

Fleire fargar har opphav i «Fargespill» som vart starta av Sissel Sau og Ole Hamre i Bergen alt i 2004.

Hardingtonar



Fredag 12. juni kl. 10:00 og 11:40
Amfisalen i Norheimsund skule
Gratis førestilling for barnehagane i Kvam og småskulen

Tubabaluba og Askeladden -ein minimusikal

Framsyninga hadde premiere
på Hardingtonar

Elisabeth Vannebo:
komponist, Tubaist og arr/orkester

Ramona Sulen:
manusforfatter, Sanger Skuespiller

Tarjei Vatne:
piano/gitar

Dei fortalte om Per, Pål og
Espen Askeladd på vandring mot
slottet med vakker musikk og
spanande opplevingar.
Målet var å vinna hjarte til prinsessa.

På vegen møtte de kjente figurar frå
andre norske folkeeventyr.

Dette var ein herleg og annleis "eventyr-minimusikal" med
varme, humor, litt spaning og flott musikk.

Hardingtonar

Fredag 12. juni kl. 19:30
Norheimsund Idrettshall



Opningskonserten
med
Bergen
Filharmoniske
Orkester

Dirigenten: Eivind Aadland.
Solist: Marita Sølberg, sopran

Tveitt: Nykken
Grieg: Symfonisk dans nr 4
Dvorak: Tre legender, op. 59
Grieg: Peer Gynt, utdrag

Publikum sette stor pris på
programmet som vart
framført dette året.
Ein av dei unge lovande
fiolinistane frå bygda vår,
Hanna Thiesen,
fekk og spele saman med
orkesteret.

Bergen Filharmoniske Orkester
har i mange år vore ein
hjørnesten for
musikkfestivalen
Hardingtonar.

Hærdingetonar



Laurdag 13. juni kl. 11

Toloheimen

Sundag 14. juni kl. 14

Kabuso, Øystese

Minnenes melodier

Samarbeid med Den Kulturelle Spaserstokken i Kvam.

Anne Cathrine Eiken, song

Lars Inge Haugen, song

Audun Kayser, piano

Øyvind Nyborg, 14 år, song

Songfuglane

Konserten for dei eldre var ein mimrekonsert.

Me opplever at det årlege tilbodet til dei eldre
vert sett stor pris på.

Musikarane kalla fram gode minner frå ei tid som er forbi.

Dei gav dei eldre ei variert musikalsk oppleving med
både norske songar, kjente amerikanske songar og
songar av Edvard Grieg.

Hardingtonar

Laurdag 13. juni
Thon Hotel Sandven



Hansakvartetten

Dei hadde fleire speleoppdrag med mindre innslag kring om på hotellet i løpet av laurdagen.

I tillegg hadde dei ein konsert på Strandebarm skule for elevane på fredagen.

Hansakvartetten er musikarar som og er i Bergen Filharmoniske Orkester

Hardingtonar

Laurdag 13. juni kl. 14
Thon Hotel Sandven, konferansesalen



Wolfgang Plagge

Hardingtonar hadde Wolfgang Plagge på programmet i 2014, men han måtte avlysa på grunn av sjukdom. Difor inviterte me han igjen i 2015.

Han gav ein flott konsert og ei interessant innføring i komposisjon og historikk.

Ekstra stas var det å få han til å spele på sitt gamle flygel som no er i Hardingtonar si eige og er festivalen sitt faste konsertflygel.

Wolfgang Plagge må seiast å vera ein av Noregs store musikalske profilar.

Plagge vart kjent som vedunderbarnet då han vant Ungdommens Pianomeisterskap berre 11 år gammal, og debuterte som pianist året etter. Sine første komposisjonar skreiv han allereie i 12-års alderen. Som komponist har han ein omfattande produksjon med ei verkleiste som spenner frå liturgisk musikk til symfoniske verk. Hovuddelen består av klaver- og kammermusikk.

Hardingtonar

Laurdag 13 juni kl 20:00
Norheimsund Idrettshall



Konsert med Odd Nordstoga

Han hadde med seg musikarane:
Torstein Lofthus
Geir Sundstøl
Tor Egil Kreken
Torjus Vierli

Hardingtonar fekk booka Nordstoga inn
i programmet sitt i 2005.
Han kom no tilbake på scena hjå Hardingtonar etter
10 år og hadde med seg eit band med dyktige musikarar.

Konserten var populær blant publikum som
nærast fylla salen.

Det store gjennombrotet til Odd Nordstoga kom i 2004
med albumet *Luring*. Låten om grisens som står og hyler,
«Kveldssong for deg og meg», vart begge ein kjempehit.

Odd Nordstoga, er ein av våre mest populære og allsidige
musikarar. Han er både låtskrivar, komponist, vokalist og
multiinstrumentalist.

Nordstoga sin store styrke ligg i evna hans til å kopla det
moderne med det tradisjonelle. Han har samarbeidd med
ulike musikarar, men er også ein soloartist.

Hardingtonar

Laurdag 13. juni
Thon Hotel Sandven
Spisesalen



Festivalkro

Konsert innslag ved
Marita Moe Sandven, vokalist
og Eivind Austad, piano

Konserten deira 'Moon mistress Mood' var både direkte og indirekte ei audmjuk hylling til Radka Toneff og Steve Dobrogosz si plate 'Fairytales'.

Musikarane tok utgangspunkt i den heilt særegne stemninga som er gjennomgående på dette albumet, og leiker samstundes med tittelen på opningssporet: 'The Moon is A Harsh Mistress'.

Hardingtonar



Sundag 14. juni kl. 15
Vikøy kyrkje

Hansakvartetten

Åsta Jørgensen, 1.fiolin
Hayato Naka, 2.fiolin
Helga Steen, bratsj
Walter Heim, cello

Hansakvartetten vart stifta i 1987
av musikarar frå Bergen Filharmoniske Orkester.

Repertoar deira omfattar det meste av den klassiske
kvartettliteraturen samt samtidsmusikken.
Spesielt den norsk musikken står sentralt
hjå kvartetten.

Dei gav ein nydeleg konsert på 50 minutt i
kulturkyrkja i Vikøy.

Hardanger Trebåtfestival og Fartøyvernsenteret
kunne tilby roturen "Kyrkjeferd"
frå Norheimsund til Vikøy til konserten.

*Dette viser samarbeidet mellom dei to
parallelle festivalane i bygda.*

Hardingtonar

Sundag 14. juni kl. 18
Norheimsund kyrkje



The Brazz Brothers

JAN MAGNE FØRDE,
trompet/flygelhorn.

KÅRE NYMARK jr.
trompet/flygelhorn.

RUNAR TAFJORD, horn.

HELGE FØRDE, trombone.

STEIN ERIK TAFJORD, tuba.

KENNETH EKORNES, trommer.

The Brazz Brothers har vore på
Hardingtonar tidlegare.

Igjen trakk dei full sal og dei gav ein
flott konsert som svinga. Kontakten
mellan musikarar og publikum var
på plass med ein gong.

Aktiviteten til The Brazz Brothers
har vore svært omfattande sidan
oppstarten i 1981. Dei har turnert
over hele verda, med konsertar ved
dei fremste internasjonale
festivalane og konserthusa.

Hardingtonar



Sundag 14. juni kl. 20.00
Norheimsund Idrettshall

Ivar Medaas - Dar kjem dampen

Forfattar Claus Sellevoll med fleire,
Produsert på Sogn og Fjordane Teater,
Regi: Arvid Ones
Medverkande:
Olav Stedje,
Annlaug Børshheim,
Claus Sellevoll
og Aage Vaksdal

«Ivar Medaas – Dar kjem dampen» er ein hyllest til Medaas og den vestlandske kulturen han var ein del av.

**Kabareten har fått glitrande kritikkar.
Det kan me og skriva under på i Hardingtonar.
Dette var ein kabaret på høgt nivå.**

Kabareten viser fram Vestlandet og bygdekulturen gjennom språklege tablåer knytta til visene som Ivar Medaas skreiv

Gjennom samarbeidet med komponisten Geirr Tveitt og diktaren Jakob Sande vart ikkje forma til Medaas berre rekna som nyskapande, den vart sett på som legendarisk

Arrangementet var eit samarbeid med Hardanger Trebåtfestival som går parallelt med Hardingtonar.